

## Patent

Tenk deg at du har gjort ei smart oppfinning.


Då må du passe på at ingen stel ideen din og begynner å lage akkurat det du har laga.

Det kan du gjere ved å *ta patent* på oppfinninga. Då må du sende ein søknad til patentkontoret i Oslo.

Eit patent er noko som sikrar at oppfinninga di blir di, og at ingen andre kan bruke ideen din utan å spørje deg først. Eit patent varer i 20 år. Etter det kan alle lage og selje det du har laga.

Thomas Alva Edison fann opp lyspæra. Han skjønte at det var noko alle ville ønskje seg. Han tok patent på ho slik at berre han kunne lage ho. Han blei rik.

Thor Bjørklund tok patent på ostehøvelen i 1925.



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 27.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 5, 6.